

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 28.04.2014
Tid: Kl. 11:00
Stad: De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Kaupanger

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Asbjørn Tyssen, Arild Hartman Eriksen, Olin Johanne Henden, Kristian Systad, Laura Kvamme og Olve Grotle.
Frå adm. møtte: Direktør Anne-Marie Førde og administrasjonssjef Inge Bent Arnestad.
Referent: Anne-Marie Førde

08/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste
09/2015: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 24.02.2015
10/2015: Orienteringar
11/2015: Kontorareal til fellesadministrasjonen
12/2015: Ymse

SAK 08/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 09/2015: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTET 24.02.2015.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøtet 24.02.2015 vert godkjent

Vedtak:
Protokoll frå styremøtet 16.12.2014 vert godkjent
Samrøystes

SAK 10/2015: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**
 - */.* Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 28.02.2015.
- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**
 - */.* Vedlegg: Fråværsstatistikk pr. 31.03.2015
- **Besøktal 2015**
 - */.* Vedlegg: Besøktala pr. 31.03.2015
- **Fellesmagasinet MiSF – Status**
 - Administrasjonssjef orienterte frå møte (24.03.2015) med SF fylkeskommune
- **Norsk Reiselivsmuseum – Status og framdrift**
 - Avdelingsdirektør v/DHS-SF orienterte om status og framdrift for utstillingsprosjektet i NRM. Notat frå avdelingsleiar v/NRM vart omdelt i møtet.
 - Informasjon frå møte med KUD 10.03.2015. MiSF er i dialog med Statsbygg for nærare avklaringar om tiltak for å lede vatnet ut av bygget er tilfredsstillande, før leigetakar flyttar inn.
- **SFKM/Sogn kunstsenter – Sesongdrift 2015**

I dialogmøte med Lærdal kommune 17.03.2015, vart MiSF orientert om kommunens utfordringar med å drifte einingane Norsk Villakssenter, kafé, Lærdal turistinformasjon og Sogn Kunstsenter i kulturhuset. Kommunen arbeider med å finne ei kortsiktig driftsløysing for 2015 – 2016, samtidig vert det arbeidd med ei langsiktig løysing. Saka var til politisk handsaming i mars, men både formannskap og kommunestyre gjorde vedtak om å utsette saka til ny politisk handsaming i april. Dersom Lærdal kommune ikkje finn ei god driftsløysing for årets sesong, kan det få konsekvensar for drifta av Sogn Kunstsenter. På bakgrunn av denne situasjonen er MiSF og Lærdal kommune i dialog om ein driftsmodell med MiSF v/SFKM, som drivar av sesongen 2015.
- **Forhandling med kommunane i Sogn og Fjordane om nye driftsavtalar for musea**

MiSF presenterte saka for styret i KS Sogn og Fjordane 29.01.2015. I mars oppnemnde fylkestyret i KS ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å utarbeide framlegg til modell/modellar for driftstilskot til Musea i Sogn og Fjordane. Frist for arbeidet er sett til 1. september 2015.
- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**
 - */.* Vedlegg: Aktivitet ved alle avdelingane
- **Sogn og Fjordane fylkeskommune – vurdering av framtidige driftstilskot**

Informasjon frå møte 27.03.2015 med tilbakemelding

 - */.* Vedlegg: Arbeidsnotat til Sogn og Fj. fylkeskommune v/kulturavdelinga

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande

Vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande
Samrøystes

Saksansvarleg:

Anne-Marie Førde / Inge Bent Arnestad

Saksgrunnlag:

Viser til styrevedtak 54/2010:

«Styret vedtar å legge hovudadministrasjonen for Musea i Sogn og Fjordane til Movika i Førde, samlokalisert med fellesmagasinet og Sunnfjord Museum. Fram til utbygginga i Movika står ferdig, vil hovudadministrasjonen ha kontor på Nordfjord Folkemuseum.» Styret har stadfesta vedtak om lokalisering av administrasjonen i styresak 38/2014.

Saksutgreiing:

Administrasjonen er, i samsvar med ovannemnte styrevedtak, midlertidig lokalisert ved Nordfjord Folkemuseum på Sandane.

Nye permanente kontorfasilitetar til administrasjonen vil ikkje stå klare på kort sikt.

Frå 1. april vart administrasjonen utvida med ny marknadsstilling og utgjer no 5 tilsette. MiSF er eit stort føretak med ei omsetning på over 50 mill., 50 tilsette, 11 avdelingar samt fleire lokasjonar og arbeider med mange prosjekt.

Verksemda sin storleik og kompleksitet gjer at ein no vurderer om arbeidet bør gjerast av eigne tilsette, og ikkje lyse oppdraget ut på anbod.

Eksisterande avtale med eksternt rekneskapskontor går ut i år. Avtala har ein verdi på nærare 600.000,- eks. mva i inneverande år, som svarar til i underkant av ei stilling som rekneskaps- og lønsmedarbeidar.

Eksisterande kontorlokale for administrasjonen har 4 kontor, og marknadskonsulenten har midlertidig kontorplass i kantina/lunsjrommet. Dersom rekneskapa frå driftsåret 2016 skal førast av eigne tilsette, manglar administrasjonen to permanente kontor, møterom og eit avlastnings/prosjektkontor.

Administrasjonen arbeider med to alternative løysingar:

- **Utviding av eksisterande areal på Nordfjord Folkemuseum**
Vel ein dette alternativet må konservatorkontor, registrerings- og fotorom flyttast til andre deler av administrasjonsbygget. Dette krev nokre mindre investeringar, og areal vil vere disponibelt hausten 2015.
- **Leige eksternt kontorareal**
Administrasjonen har vore på synfaring i ledige og eigna kontorlokale i Sandane sentrum, og som har nødvendige fasilitetar og tilstrekkeleg med areal, pluss eigna lunsjrom og møterom. Arealet som truleg kan takast i bruk i løpet av våren, krev ikkje investering og kan leigast for 2 til 4 år pluss eventuell opsjon.

Direktør ber styret om fullmakt til å sikre administrasjonen nødvendige midlertidige kontoreareal til permanent løysing føreligg.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar at direktør får fullmakt til å inngå ei kortsiktig midlertidig leigeavtale ut frå ei samla vurdering.

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar at direktør får fullmakt til å inngå ei kortsiktig midlertidig leigeavtale ut frå ei samla vurdering.

Samrøystes

SAK 12/2015: YMSE

Under denne saka ynskte styret informasjon / status på:

- Buene i Kalvåg
- Tilsetting av avdelingsdirektør ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Fusjonsprosessane for Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Direktør informerte om status og det vidare arbeidet.

Harry Mowatt
Styreleiar

Anne-Marie Førde
Direktør

Laura Kvamme

Olve Grotle

Asbjørn Tyssen

Kristian Systad

Arild Hartman Eriksen

Olin Johanne Henden